



25-åringen Røysterett for alle kvilar slett ikkje på laurbæra frå den mektige syklusen eller andre suksessar.

Torsdag 2. mai klokka 19.30 er dei vertskap for korkafe i Helgheim der dei vanlegvis har øvingane sine på denne dagen og dei kan også by på nyinnøvde songar, lovar leiinga.

Men dei har og gjestar. Framfor alt er det Rosendal Songlag som også vert dirigert av Maria Malmsten, men også 2 av dei flinke elevane hennes, Åshild Røssland (18) frå Husnes og Amalie Fjeld Helleland (19) frå Omvikdalen,

Rosendalkoret skal til Latvia frå 16. mai og vil presentera i Helgheim ein stor del av programmet som dei har innøvd i samband med reisa dit. Koret skal ha kontakt med koret Askana i Riga som Røysterett for alle har hatt tett samband med før. Det er lagt opp eit spennande program mellom anna med opera- og ambassadebesøk.

I Helgheim vert det sjølv sagt også severing og utlodning.

Over øver koret i Helgheim og under syng dei syklus på Husnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

